

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 06.12.2017
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Cathrine Fredhøi

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering pkt 2**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 052/17

STYREMØTE: 13.12.2017

Strategiarbeidet - SAV 2035: Bruk av Nasjonal Bemanningsmodell

For å lykkast med tilstrekkelig kompetanse og ferdigheiter for å imøtekomme pasientar og kundar sitt behov for helsehjelp i framtida treng vi eit verktøy for å kunne understøtte avgjerder. Nasjonal bemanningsmodell er eit verktøy som gir oss mogligheit til å gjere scenarioanalyser på korleis framtidige endringar kjem til å påverke behovet for helsepersonell framover.

- Modellen byggjer på estimert aktivitetsanalyse som er utarbeidet av Norsk pasientregister (NPR).
- Analysen er basert på berekningar av befolkninga sitt behov for helsetenester fram mot 2035.

Den nasjonale bemanningsmodellen er utvikla av Helse Vest og har eller skal takast i bruk av alle helseføretaka i regionen.

Kva skjer for eksempel med behovet for apotekteknikarar i produksjon dersom vi innfører robot som kan produsere cytostatika? Eller korleis sikrar vi at vi har nok farmasøytar dersom alle pasientar skal få tilbod om individuelle legemiddelsamtaler på sjukehuset? Klarer vi å rekruttere nok eller må vi sjå på andre faktorar, som for eksempel oppgåvefordeling? Målet med verktøyet er å synleggjere moglege utfall og kva for valmoglegheiter vi har. Dette er et verktøy som skal gi støtte til avgjerder slik at vi betre kan planlegge utviklinga av pasientens helseteneste med utgangspunkt i effektar av ulike tiltak. Kven som gjer kva, og kva som skal gjerast kor, fram mot år 2030, er spørsmål modellen opnar for.

Modellen skal og brukast til å dimensjonere utdanningskapasitet og behov for helsepersonell som farmasøytar og apotekteknikarar. Modellen hjelper med å estimere det framtidige bemanningsbehovet. Forskjellen mellom det estimerte bemanningsbehovet, og den estimerte kompetansebeholdninga utgjer kompetansegapet. Modellen hjelper med utrekninga slik at gapet mellom behov og faktisk kompetanse i SAV blir minst mogleg. Modellen kan dermed være til god hjelp i strategiarbeidet til SAV framover. Det gis ein kort demo i styremøtet.